

MØTEREFERAT

| | |
|------------|--|
| Tema: | Ny landkommune, Sonderingsgruppa |
| Dato/Sted | Nilsgardstunet i Stordal kommune, 16. desember 2015, kl 08:30 til 12:30 |
| Møteleder: | Dag Olav Tennfjord, Ordfører i Skodje kommune |
| Referent: | Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd IKS |
| Oppmøte: | Arne Sandnes, Ordfører, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordfører, Norddal kommune Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune (til 10:00) Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune Randi Bergundhaugen, Varaordfører, Vestnes kommune Aud Marie Bergdal, Formannskapsmedlem, Vestnes kommune Geir Inge Lien, Ordfører, Vestnes kommune Tone Roaldsnes, Rådmann, Vestnes kommune Eva Hove, Ordfører/nestleiar, Stordal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordfører, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Karen Simonnes Aanes, Ordfører, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Dag Olav Tennfjord, Ordfører/leiar, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd Lars Joranger, Kommunereformkontakt, Stordal kommune Ingvild Liadal, Kommunikasjonsrådgjevar, Sunnmøre Regionråd |
| Forfall: | Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune |
| Vedlegg: | |

Eva Hove, ordfører i Stordal kommune, ønske velkommen.

1. Møteplan og framdriftplan

Fylgjande møteplan og framdriftsplan er omforeint godkjent i møtet.

Onsdag 16. desember 2015, Stordal kommune

Oppstart, bestilling til neste møte.

Tysdag 5. januar 2016, Skodje kommune

Arbeid med utfordringspunkta/gruppearbeid

Fredag 15. januar 2016, Ørskog kommune (Forslag om å flytte til måndag 11.)

Orientering om framdrift i forhandlingane.

Vedtak om framdriftsplan forhandlingar.

Fredag 22. januar 2016, Vestnes kommune

Ekstern foredragshaldar

Arbeid med utfordringspunkta

Fredag 29. januar 2016, Norddal kommune

Verifisere utfordringspunkta, og skape felles forståing for forhandlingsromet.

Fokus på dei komande forhandlingane.

Alternativ dag for samlinga 29. januar er formiddag 2. februar på Storfjord hotel.

2. Samandrag av utfordringspunkt/avbøtande tiltak

Dag Olav Tennfjord tok forsamlinga med på ein gjennomgang av utfordringspunkta/avbøtande tiltak som er opplista i sluttrapporten.

I presentasjonen var det dialog om aktuelle punkt, med formål om å bli kjent med dei utfordringane ein har fram mot forhandlingane. Ingen konklusjonar vart tatt i gjennomgangen.

Hovudtyngden av tidsbruken i møtet vart nytta til denne gjennomgangen.

3. Felles fullmakter til forhandlingsutvala

Synnøve V. Synnes, rådmann i Ørskog kommune orientert om felles fullmakter til forhandlingsutvala, og la fram døme frå ulike kommuner.

Grunnlaget for presentasjonen er å sikre at deltakarkommunane i «Ny landkommune» stiller med likeverdige forhandlingsutval inn i prosessen med å framforhandle ein felles intensjonsavtale.

Presentasjonen vart tatt til vitande.

4. Bestilling til neste møte

Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre regionråd, orientert om bestillinga til neste møte.

Kvart forhandlingsutval skal jobbe seg gjennom dei utfordringspunkta som sluttrapporten til kommunereformprosjekt Ny landkommune konkluderar med. Følgjande skal bearbeidast, og meldast inn før neste møte:

- Gå gjennom utfordringspunkta i sluttrapporten.
 - Konkretisere dei viktigaste forhandlingspunkta for eiga kommune. Med konkretisering er det meint å vere spesifikk på kva slags utfordringspunkt dei einskilte kommunane meiner er viktig inn i forhandlingane.
 - Identifisere punkt som ikkje er viktige å ha med i ei forhandling
 - Verifisere dei øvrige utfordringspunkta
- Melde tilbake innan måndag 4. januar til: erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no

Dersom det er spørsmål til bestillinga til neste møte, så kontakt referent.

Møtet slutt 12:30